

BESTANDSPLAN FOR HJORT



Foto (Per Holen)

LEIKANGER STORVALD
2009-2011

INNHALDSLISTE

DEL 1 INNLEIING	3
1.1 Planområde.....	3
1.2 Planperiode.....	3
1.3 Hovudmål og delmål.....	4
DEL 2 STATUS OG VURDERINGAR.....	4
2.1 Hjorteviltstammas utbreisle og trekkforhold.....	4
2.2 Beiteskader.....	4
2.3 Fellingsstatistikk.....	4
2.4.1 Felte dyr fordelt på alders og kjønnsgrupper.....	5
2.3.2 Tildeling og fellingsprosent.....	6
2.3.3 Sett hjort registreringar.....	7
DEL 3 HANDLINGSDEL.....	7
3.1 Avskyting.....	7
3.2 Felling av skadedyr	8
3.3 Sett – hjort	8
DEL 4 DRIFT.....	8
4.1 Utgifter.....	8
4.2 Ettersøksavtaler.....	8
4.3 Rapportering.....	9
DEL 5 AVSKYTINGSPLAN.....	9

DEL 1 INNLEIING

1.1 Planområde

Valdet sitt område er avgrensa slik:



Figur 1. Oversiktskart over Leikanger storvald

Valdet sitt område er avgrensa slik, og omfattar følgjande jaktfelt: 01-001 Trodalen, 01-002 Eitorn vest, 01-012 Eitorn aust, Suphamarmarki, 01-004 Grindsmarki, 02-005 Huke, 02-006 Fossmarki, 02-007 Hamremarki, 02-008 Husabømarki, 03-009 Henjadalen, 03-010 Njøsdalen og 03-011 Hangsæterfjellet.

Totalt teljande areal for valdet er 95 510 dekar

Det er jaktfelte som er medlem i valdet, grunneigarane er medlem via jaktfelte.

1.2 Planperiode

Lovverket legg opp til at ein kan lage planar på inntil 5 år. Dette er ein treårig plan og gjeld frå 2009 til og med 2011. Planen skal reviderast innan utgangen av 2011.

1.3 Hovudmål og delmål

Valdet har som overordna mål å forvalta hjortestamma på ein slik måte at ein sikrar ein optimal og vedvarande produksjon og avkastning , sunne og friske dyr, god kjønns og aldersfordeling med passande stammestorleik i høve til område si bæremne (beitetilgong) og skadepress (skog og innmark) for anna verksemd.

- Det er ynskjeleg med ei stabilisering av bestanden i tal på dagens nivå
- Holde delen av eldre bukkar i bestanden på dagens nivå
- Auke vektene på dyra på sikt.
- Holde uttaket av kalv på dagens nivå
- Vidareføre sett – hjort registreringar i planperioden

DEL 2 STAUTS OG VURDERINGAR

2.1 Hjorteviltstammass utbreisle og trekkforhold

Det er ikkje gjort undersøkingar som konkret avdekkjer hjorteviltstammass utbreisle og trekkforhold i planområde. Men ein legg til grunn at det nok er trekk av dyr ut og inn av dalane i løpet av året. Då spesielt i høve til sommar og vinterbeite, noko som gjer at det i indre delar av område ikkje er mykje overvintring av dyr.

Det blir no arbeidd med kartlegging av hjorteviltstammass utbreidelse og trekkforhold i planområdet . Storvaldet er no med på eit større merkeprosjekt i lag med nabokommunane.

2.2 Beiteskader

Det er ikkje gjort undersøkingar som avdekkjer eventuelle beiteskader på skog eller innmark. Men det er på det reine at det er skader på frukt- og bær dyrkingar nokre stader i valdet.


2.3 Fellingsstatistikk

Statistikk over fellte dyr og registreringar med ” Sett Hjort” er det einaste ein har å gå utifrå når ein skal seie noko om status for bestanden, og vi har tal ifrå 2000 til 2008. Under følgjer ei samanstilling av kva som er felt av dyr i planområdet og registrert i ”Sett Hjort” skjema frå 2005 – 2008.

2.3.1 Felte dyr i tal fordelt på alders og kjønnsgrupper


Ar	Ebuk	Ekolle	1,5 hann	1,5 ho	hannkalv	hokalv
2000	18	8	9	5	5	5
2001	12	6	8	2	4	4
2002	16	16	5	4	6	6
2003	18	9	7	5	10	5
2004	13	9	14	7	5	4
2005	13	9	9	8	5	3
2006	9	16	12	15	7	8
2007	10	19	13	11	13	5
2008	15	29	12	13	9	9

Tabell 1. Viser tal felte dyr fordelt på kjønn og alder i planområde frå 2000 til 2008




Figur 2. Viser fordeling av felte dyr 2006 – 2008

2.3.2 Tildeling og fellingsprosent



Figur 2. Viser at tildelinga av dyr har auka dei 3 siste åra



Figur 3. Viser at fellingsprosenten har frå først å gå litt ned, auka dei siste åra med ein fellingsprosent på godt over 70%

2.3.3 Sett hjort registreringar

År	Jaktinnsats				Sette dyr i antall					Skutte dyr i antall						Antall skjema
	Jakt dager	Jegerdagsverk	Time r jakt	Spissbukk	Bukk	Kolle	Kalv	Ukjent	Sum	Hann kalv	Hunkalv	Bukk 1½ år	Kolle 1½ år	Bukk 2½ år og eldre	Kolle 2½ år og eldre	
2004	81	350	834	0	46	60	35	48	189	3	3	11	5	9	7	38
2005	61	309	359	15	32	48	24	18	137	4	4	9	8	11	9	45
2006	80	364	430	22	37	103	55	34	251	7	7	12	16	9	15	66
2007	116	452	514	39	65	172	106	62	444	12	6	13	12	10	17	70
2008	127	447	523	27	65	142	74	81	389	9	9	12	15	14	28	87
sum 5 år	465	1922	2660	103	245	525	294	243	1410	35	29	57	56	53	76	306

Tabell 2. Sett hjort sum

År	Sett hjort per jegerdagsverk	Sett kolle per bukk	Sett kalv per kolle	% bukk felt av sett bukk	% kalv felt sette kalv	% koller felt av sette koller	Antall skjema
2004	0,54	1,30	0,58	43,48	17,14	20,00	9
2005	0,44	1,02	0,50	42,55	33,33	35,42	10
2006	0,69	1,75	0,53	35,59	25,45	30,10	11
2007	0,98	1,65	0,62	22,12	16,98	16,86	11
2008	0,87	1,54	0,52	28,26	24,32	30,28	12
per 5 år	0,73	1,51	0,56	31,61	21,77	25,14	53

Tabell 3: Indeksrapport

DEL 3

HANDLINGSDEL

3.1 Avskyting

Leikanger Storvald legg til grunn at det har vore ein auke. Som ein ser av fellingsstatistikken har det vore ein endring frå å skyte mange eldre dyr og til å skyte fleire ungdyr og kalvar.

Det er og eit godt poeng at bestanden består av ein stor del eldre dyr i høve til stabilitet og ei forutsigbar utvikling. I høve til dette skal det arbeidast for høgare fellingsprosent og målet er

så nær opp mot 100 % som mogeleg. Dette er viktig for at ein skal ha ei effektiv jakt med så god ressursutnytting som mogeleg.

I perioden på 3 år har storvaldet felt totalt 225 dyr av tildelt kvote på 258 dyr. Dei to første åra av planperioden vart vedteken avskytingsmodell fulgt med følgjande fordeling:

Minimum 25% kalv, minimum 40% ungdyr av begge kjønn, maksimum 20% eldre kolle og maksimum 15% eldre bukk.

Siste året endra valdet dette til om lag 40% kolle, max 15% bukk og resten ungdyr og kalv med nokon lunde lik kjønnsfordeling.

Fordelinga av løyva i kommande planperiode bør gjerast etter samme alders og kjønnsfordeling fordeling som dei to første åra i forrige planperiode.

Koller skal ikkje skytast frå kalven, og jaktleiaren i kvart jaktfelt har ansvaret for jakta i dei einskilde jaktfelta. Jaktfeltleiaren innrapporterar felte dyr til valdleiaren straks etter jaktslutt.

3.2 Felling av skadedyr

Ved større skadeproblem legg ein i planperioden opp til eit aktivt samarbeid med kommunen med sikte på å finne løysingar dersom slike høve skulle oppstå.

Utanom jakttida må det søkjast kommunen om skadedyrløyve. Det skal som i alle andre tilfeller og her takast stort omsyn til moral og jaktetikk ved felling av skadedyr.

3.3 Sett hjort

2004 var første året det vart drive sett hjort registreringar i kommunen. Storvaldet ser det som viktig at dette vert gjort på ein god måte slik at ein får sikra desse tala for framtida.

DEL 4 DRIFT

4.1 Utgifter

Utgifter til drift av Leikanger Storvald blir dekkja av 15% av årleg innbetalt fellingsavgift og eller etter søknad til det kommunale viltfondet.

4.2 Ettersøksavtaler

Kravet om godkjent ettersøkshund er ikkje grunneigarretta, men eit krav til jegeren.

4.3 Rapportering

Alle jaktfelt i valdet skal årleg levere rapport om felte dyr i høve til tal dyr og fordeling på kjønn og alder samt slaktevekte til styret i laget straks etter kvar jaktssesong. Styret rapporterer dette vidare til kommunen etter gitt fristar.

DEL 5 AVSKYTINGPLAN

Leikanger Storvald inngår følgjande bindande avtale med Leikanger kommune om avskyting av hjort for perioden frå og med 2009 – 2011

- Leikanger Storvald får tildelt for heile planperioden 258 dyr. Dette gir ei fordeling på 86 løyver per år.
- Fellingsresultatet for dei tre avtaleåra: Minimum 25% kalv, minimum 40% ungdyr, maksimum 20% eldre kolle og maksimum 15% eldre bukk
- Dette kan fråvikast enkelt år (+- 20%) det er sluttsummen som skal gjelda
- Alle løyva vert tildelt storvaldet frå kommunen som frie dyr.

Elles gjeld dei same pliktar om jakt og rapportering som viltlova med forskrifter stiller krav om.

Valdansvarleg for laget

For kommunen

.....

.....